

Årsmelding kyrkjeklubben 2016

Kyrkjeklubben starta opp 5.9.16 og hadde 4 samlingar hausten 2016.

Oppstartskvelden hadde me ein minikonsert med Bjarte Leithaug. Samlingane elles har hatt eit tredelt innhald; først ei samling i kyrkjetorget, der me har aktiviteter som song og inkluderande leikar, utlodning mm. Deretter har me ete kvelds i lag, og så gått inn i kyrkjerommet der me har hatt ein liten Gudsteneste.

Det har vore eit oppmøte på ca 15 personar med utviklingshemming og like mange følgepersoner. Trenden har vore at frammøte har vore jevnt stigande (På februar møtet i 2017, vart det registrert 17 personar som ville bli medlem). Det har i hovudsak vore vaksne utviklingshemma som har kome på samlingane, men me trur at det også vil komme yngre folk, etter kvart som tilbodet blir betre kjent.

Alversund og Ostereidet sokneråd har delt kostnadene til samlingane mellom seg.

Me har vore jevnlig rundt med plakater til bufellesskapa om klubben og frå dei aller fleste bustadane har me opplevd svært gode tilbakemeldingar, der dei fortel om at folk seier dei gler seg til klubben og at dei har lyst til å gå, osv. Frå eit bufellesskap har me fått tilbakemelding om at dette er spesielt viktig for dei multifunksjonshemma, som gjerne ikkje har andre ting dei kan delta på.

Me hadde eit ønskje om å få med oss folk frå Radøy og Meland også, og har spreidd informasjon via personar i miljøet der, men forløpig har me ikkje hatt deltakarar derifrå.

Leiarar og medarbeidarar knytt til klubben: Geir Øy, Åge Palmesen, Sæbjørg Hageberg Kjeka, Espen Bøe, Lars Inge Kjemphol, Anna Leivestad, Nina Norheim, Rikke Nordal, Bjørg Aasgard, Vibeke Gilje og Inger Øyna Jordal

Inger Øyna Jordal

Kontaktperson